



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1944

Namnet på vatnet Glille Ljerna
Kommune Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Gyvind Vasshaug.

S L Å T T E T J Ø R N A

Fiskeanalysen vart foreteken den 22. september 1977.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest i Jelsa, nord for heimehusa på Barkeland.

Arealet er omlag 12 dekar.

Stranda består for det meste av myr og fjell.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men alt tyder på at det er eit heller grunt vatn.

Botntilhøva er gjørme over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark kor det veks blandingskog av bar- og lauvskog.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna brasmegras, botngras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon.

I sør-vest fell det inn 2 bekketilsig og avlaupet renn ut i nord til Økstrafjorden.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet gullig-brun som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.2 ute på vatnet og 6.0 i "Skrytenbekken".

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.25 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l

Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne = 40.09

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 3.0 og 4.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 3.0 m vart det funne 3 vårflugelarver og 1 døgnflugelarve - i alt 40 individ pr. m².

4.0 meteren gav som resultat 3 vårflugelarver, 2 igler, 1 mudderflugelarve, 1 fjærmygglarve og 1 musling - tilsaman 80 individ pr. m².

Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 7 fiskar. Her vart det funne buksvømmere, vårflugelarver, vannkalvlarver, øyestikkerlarver, vannmidd, svevemygglarver, muslingar, maur, iglar, og div. planktoniske krepsdyr. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som relativt rike og der dyreplanktonet dominerte.

Fisk m.v.


Fiskeslaga er aure og ål.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 57 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 9 lys-røde, resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hanfiskar og 11 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.


14 fiskar (54 %) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.6	9.3	14.8	19.8	24.1	26.9
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	4.7	5.5	5.0	4.3	2.8
Antall fiskar	25	25	25	23	13	2

Medel kondisjonsfaktor = 0.98 tilseier fisk av medels bra kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Slåttetjørna og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr.år).



Som vi her vil sjå, ligg vekstkurven noko i underkant av normalkurven like frå fyrste år av. Auren går mot ei maksimallengd på ca. 27-28 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og der tilheva elles ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Vatnet er noko surt, men likevel godt brukande for aure. Vidare

er det ei relativt bra "bufferemne" i vatnet, slik at pH svingar lite gjennom året. Vi skal og merka oss "Skrytenbekken" med ein pH på 6.0 og då dette er gytebekk skulle rekrutteringa vera sikra. Faunaen i vatnet syner mange arter av verdfulle næringsdyr og planktonprøvene var også bra.

Garnprøvene syner at Slåttetjørna inneheld eit relativt stort fiskebestand der ymse årgangar og storleikar er å finna.

Kondisjonsfaktor og vekstkurve tilseier eit fiskebestand noko i overkant av vatnet si bæreemne.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringsdyrproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Slåttetjørna er lite og stort sett med jordsmonn over det heile. Ein del verdfulle næringsstoff blir såleis gjennom tilsiga tilført vatnet.

Gytetilhøva i tilsigsbekkene vil normalt vera gode nok for å sikre ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halda under kontroll. Vi vil tilrå at fisket blir intensivert noko i åra framover i høve til det som har vorte fiska i seinare år. Sjølv om fisken i Slåttetjørna i dag er av godt brukande kvalitet, så vil ei utfisking gi seg utslag i større og feitare fisk. Dei som steller med vatnet kan ved hjelp av litt garnfiske føre fiskebestandet til det nivå dei sjølv måtte ynskje, men elles må avkastinga haustast ved stangfiske. Vatnet ligg lageleg til, og då det heller ikkje er så mange andre fiskevatn i nærleiken, skulle ein tru det ville vera mange som ville prøve fiskelukka nettopp i dette vatnet.

Stavanger 20/2 1978

Einar Berg